

Årsmelding Undheim Kyrkjelyd 2025



DEN NORSKE KYRKJA

Undheim sokn



Mota nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget

Open Kjellar 2025

Fyrste samling i 2025 var 10.januar. Mange glade born/ungdommar på plass. 7.mars hadde me karneval. Det var stor suksess! Det kom cowboyar, prinsesser, klovnar, arbeidsfolk, fotballspelarar, dyr og mykje anna. Me bestilte pizza som alle fekk. 13.juni var siste gong før sommaren, då var også 4.klasse invitert, samtidig som me hadde ei lita avslutning for 7.klasse.

Etter sommaren starta me opp igjen 15.august. I oktober hadde me filmkveld. Siste gong før jul var 5.desember, då hadde me nissefest og serverte grøt og saft.

Totalt hadde me 12 samlingar med gjennomsnittleg 31 ungar på kvar samling, som har kost seg med biljard, bordtennis, brettspel, air hockey og litt snop frå kiosken.

I haust har me hatt to konfirmantar med oss som hjelparar, Alfred Berge og Rudi Aardal

Leiarar var Oddvar Undheim, Knut Undheim, Gunnar Sikveland, Morten Nordbrønd, Grete Aardal og Janne Vigdel Berge.

Årsmelding Undheim søndagsskule 2025

2025 har vore eit godt år for søndagsskulen på Undheim.

Me hadde søndagsskulen 13 gonger dette året, 7 gonger om våren og 6 gonger på haustsemesteret. Det har vore eit snitt på 24 deltakarar per samling, noko som faktisk var same snittet som året før!

Me har hatt cirka 35 forskjellige registrerte barn som har vore innom 1 gong eller meir, og i 2025 var det 29 betalande medlemmar.

Det store høgdepunktet er karnevalet i februar, og som andre år hadde me toppnotering med 42 barn til stades.

Alle aldersgruppene på søndagsskulen er ilag, noko som fungerer veldig bra. Det er ein fin dynamikk mellom dei små og store og trivselen har vore god.

Søndagsskulen startar klokka 11.00 og varer til 11.45. Nokre kjem ned frå gudstenesta, medan dei fleste møter direkte i døra.

Her er litt av det me gjer: Registrering, tenner lys og ber, synger ilag, gjer gåve til Stefanusbarna i Egypt, opnar skattekiste, høyrer bibelhistorie og lager noko eller eventuelt leiker.

Me er takknemlege for alle som kjem til Undheim søndagsskule og vårt ynskje er at nye generasjonar får lov å bli kjent med Jesus.

Me har og lyst å retta ein ekstra takk til alle som er med å ber for Undheim søndagsskule gjennom året. Tusen takk!

Leiarar i 2024 har vore: Jakob Aardal, Linn Cecilie Høiland, Linda Maria Undheim, Kjellaug Wold og Birte Skretting Auestad . (Pia Norunn Risa har vore med som trufast kasserer i mange år, men nå har Håkon R. Losvik gått inn i den rolla. Tusen takk for det trufaste arbeidet du har gjort Pia og velkommen til Håkon i rolla som kasserar)

Undheim søndagsskule
ved Jakob Aardal

Årsmelding Supermix

Me starta opp igjen 14. januar, og fekk fleire kjekke samlingar utover våren. Samlingane har vore ein kort andakt, hobbylagging og nokre gonger leiking.

Etter sommaren starta me opp igjen 9. september.

Supermix var med på gudstenesta på 1.påskedag, julegrantenninga og Syng jula inn, og hadde litt songøving med Kari Reiten før desse.

Me hadde totalt 14 samlingar, der det var rundt 25 ungar på kvar samling.

Gunn Årdal Helland og Arnfrid Bjelland leia arbeidet med hjelp av foreldre på samlingane.

ÅRSMELDING FOR UGLA GUTTELAG UNDHEIM, DRIFTSÅRET 2025

UGLA GUTTELAG UNDHEIM er tilslutta Det Norske Misjonsselskap.

Samlingsstad og tid: Undheim skule annankvar tysdag frå kl 19.00-20.15

Målgruppe: 4-7 klasse gutar.

Oppslutning: Normalt 15-20 gutar har møtt på samlingane.

Medlemskontingent: 100 kr.

Leiar og vaksne frivillige: Torbjørn Garborg, Amund Undheim, Vidar Undheim, Gisle Oddane, Trond Stiansen, Torbjørn Øglend og Nils Arne Fosse. Asle Risa var med fram til sommaren.

Det har vore 14 samlingar i 2025. Kveldane starta med ein andakt, og vart vanlegvis avslutta med ein ja/nei quiz.

Aktivitetar: Trearbeid, innebandy, kosekveldar med servering av pølser eller pizza + leikar og konkurransar, besøk på bygdamuseet, juleavslutning på Lende, besøk frå NMSU, basar og turar.

Det ser ut til at det varierte programmet til UGLA er med på å halda oppe det gode frammøte i laget. Eit av høgdepunkta i 2025, var då me i mars besøkte bygdamuseet på samfunnshuset. Tarald Oma var med oss denne kvelden. Han og Vidar fortalde og viste rundt. Det var spennande for både store og små.

På basaren kom det inn 22696 kr, som vart sendt til NMS. Takk til gutane som var ivrige til å selja lodd på Handelslaget.

22.01.2026

Torbjørn Garborg

Leiar for UGLA GUTTELAG UNDHEIM.

Årsmelding for UKUF 2025

I 2025 var det totalt 15 UKUF-samlingar. Gjennomsnittleg oppmøte på 20-25 stk. 19 betalande medlem.

I 2025 har det vært et styre av ungdommar leia av Kyrkjelydsutviklar Håkon R. Losvik. Desse er: Thea Haugen, Miriam Vigrestad, Tobias Undheim Rosland, Caroline Holen Storfjord og Alexander Andreas Wilhelmsen og Tora Eikeland. Andre vaksne som var med var diakon Praxedes Slettebø, og Jon Kaspar Bjørge og Jan-Tore Erikstad har vært faste frivillige leiarar på samlingane

UKUF hadde 13.199 kr på konto 31.12.2025. Det er betydeleg mindre enn i 2024. Grunnen til det er lav aktivitet og få innmeldte medlemmer i 2024, som har påverka utbetalinga frå Frifond i 2025. Det har ikkje vore naudsynt å gjere større investeringar i 2025, men me har spleisa på eit frysenskap saman med Open Kjellar. De fleste utgiftene er til innkjøp av mat- og kioskvarer. Inntektene våre kommer frå sal av mat- og kioskvarer, og støtte frå kommunen og Frifond.

Me gler oss over at Jon-Kaspar Bjørge og Jan-Tore Erikstad var med som vaksne, ei engasjert styre av ungdommar og at Diakon Praxedes Slettebø har blitt med i arbeidet.

Håkon R. Losvik

Laust og Fast

Laust og fast har hatt 6 møter i 2025.

15. januar: Program v/ Odd Dubland, 65 personar til stades, nettoinntekt kr 6103,-

19/2: Program v/ Gylfi Svavarson. Til stades 54 personar. Nettoinntekt kr 2563,-

19/3: Program v/ blomsterdekkorator Thea Reime. Til stades 54 personar. Nettoinntekt kr 3063,-

17/9: Program v/ Lars Slettebø. Til stades 44 personar. Nettopinntekt kr 3019,-

18/10: Program v Solvor og Pål Ove Frøytlog. Til stades 59 personar. Nettoinntekt kr 6460,- til Mama Children Center

19/11: Program V7 Harry Breiland. Til stades 62 personar. Nettoinntekt kr 5095,--

Kr 20.000,- er gitt til Undheim Kyrkje. Styret har vore Else og Vidar Undheim, Odd Ove Tunheim, Anne Lise Undheim, Tordis og Steinar Sandvik.

Mvh. Else Undheim

Årsmelding Gudstenesteutvalet Undheim 2025

Gudstenesteutvalet består av fem medlemmar, prest, musikalsk leiar og tre styremedlemmar. Prest kallar inn til møte. Steinar Sandvik har slutta i utvalet, og i haust gjekk Linn Cecilie Høiland i utvalet. Me gler oss over fornying av utvalet.

I 2025 hadde me tre samlingar. To om våren og ei samling i oktober.

Utvalet jobbar med evalueringar og planlegging av gudstenester. Det arrangerte mellom anna kveldsmat med graut etter «Me syng jula inn» og Juletefest med kveldsmat. Godt for kyrkjelyden og soknepresten å ha ei slik gruppe å jobba med utvikling av gudstenestelivet.

En stor takk til medlemmane.

Nadine

Årsmelding for diakonalt arbeid – Undheim sokn 2025

Diakonen Maria Praxedes Slettebø arbeider i 100 % stilling med arbeidsfordeling mellom Bryne, Time og Undheim.

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste, og arbeidet tek utgangspunkt i dei fire kjende søylene i diakonien: nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Mange av tiltaka diakonen gjennomfører, er felles for Time og Bryne.

I Undheim har me ikkje eige diakoniutval. Diakonen har utarbeidd ein lokal plan som ligg til grunn for den diakonale verksemda i kyrkjelyden. Planen vart oppdatert vart godkjend i 2024 i soknerådet. Neste evaluering er i 2026.

VERKSOMRÅDE

1. Nestekjærleik

- **Minnegudsteneste i januar:** 129 deltakarar og 102 namn vart lese i 2025
- **Sorgstøttegrupper** i samarbeid med Jæren og Sandnes prosti, med frivillige leiarar. Me har grupper for ulike aldrar og tapssituasjonar.
- **Open kyrkje før Allehelgensdag.** Rundt Allehelgensdag er det mange som ser til gravene til sine kjære som har gått bort. Time Kyrkje er open 11:00-14:00 laurdagen før allehelgensdag. Kyrkjeterget var ope for dei som ville koma inn, få varme, noko å bite i og nokon å prate med medan dei besøkte kyrkjegarden. I kyrkjesalen var det eit times program med orgelmusikk og diktlesing. Det var eit flott arrangement, men noko lågare besøkt på grunn av storm denne dagen.
- **Temakveld om sorg** Med ujamne mellomrom arrangerer me temakveldar med fokus på liv og sorg. Samlingane er opne for alle og skjer i samarbeid med kyrkjelydane på Jæren og i Sandnes.
- **Besøksteneste:** 17 fekk heimebesøk. 15 av desse var jubilantar. Jubilantar i soknet som fyller 80, 90, 95 og 100 år får besøk av diakonen og helsing frå kyrkjelyden.
- **Jamlege andaktar og gudstenester** på institusjonar.

- **Torsdagstreff i Bryne kyrkje** for alle sokn (Time og Undheim). Alle frå rundt 60 år og oppover er velkomne.
- **Tidebøn:** Annakvar måndag kl. 10.00 og 19.00.

2. Inkluderande fellesskap

- **Laust og fast:** Samlingar for dei som er 60+. Det kjem mange deltakarar frå heile distriktet. Me møtest tredje onsdagen i månaden kl. 14.00–16.00.
- **Pizzakveld:** Eit uformelt fellesskap på tvers av alder – ope for alle.
- **UKUF (Ungdom Kristne Ungdomsforeining)** for elevar frå 8. trinn og oppover.
- **Påfyll (for ånd, sjel og kropp)** for ungdomsskuleelevar etter skuletid.
- Me samlast annakvar torsdag.
- **Kyrjekaffi** etter gudstenester.
- **Arbeid for menneske med utviklingshemming** (Felles for Bryne/Time/Undheim.)

Sundagstreff kvar månad i Bryne kyrkje – ei tilrettelagd gudsteneste. Samlinga startar med allsong, mat og drøs i peisestova før gudsteneste i kyrkjesalen. I 2025 framførte gruppa eit dramastykke om Den barmhjertige samaritan, og Bankers bidrog med song, dans og instrumentmusikk.

Grillfest på Undheim for sundagstreff-gjengen – ei koseleg sommaravslutning.

Turar

– Tur til Stavanger og hausttakkefest i Domkyrkja.
 – Tur til Rockesokk-festivalen i Grødem kyrkje 21. mars 2025. Festivalen feirar mangfald og bryt ned fordommar. Ein god gjeng frå Time, Bryne og Undheim deltok.

- **Påskebesøk**
 Elevane frå avdeling for kvardagslivstrening på Bryne kjem kvart år på besøk i kyrkja. Diakonen formidlar påskehistoria, og kyrkjemusikaren bidreg med musikk. I 2025 kom to puljar med 10 elevar + 4 vaksne kvar.

3. Vern om skaparverket

- **Retreat på Utstein kloster**
 I 2025 vart det ikkje arrangert retreat på grunn av for få påmeldingar.
- **Open kyrkje.**
 I april 2025 starta vi opp eit nytt fast tiltak: **Open kyrkje.**
 Diakonen er til stades i kyrkja kvar onsdag. Kyrkja er open for alle som ønskjer å kome inn og slå av ein prat, tenne eit lys, be – saman med nokon eller aleine – eller berre sitje i stille ettertanke. Målet er å ta vare på mennesket i heile si breidd.

4. Kamp for rettferd

- **Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt**
 Undheim sokn støttar (Per R. Undheim og Helge Gullestad) – *Ungdom i oppdrag* – og arbeider for å styrkje engasjementet rundt misjonsprosjektet.
- **Fasteaksjonen 2025**
 Tema: «Håp i ein dråpe vatn».

Resultat frå dør-til-dør-aksjonen 8. april:

– Heile Time: kr 191 207,32

– Undheim sokn aleine: kr 20 847

- **Ofringar** til organisasjonar som driv misjon og humanitært arbeid.

Ei stor takk til alle frivillige som bidrog til diakonalt arbeid i Undheim sokn i 2025!

Skrive av: Diakon Maria Praxedes Slettebø

Årsmelding 2025 Kyrkjeleg undervisning og læring for barn og unge i Bryne, Time og Undheim

Planen for kyrkjeleg undervisning og læring er for alle døypte og interesserte i alle aldrar. Planen legg til rette for livslang læring gjennom deltaking, medverknad og skapande aktivitetar.

Hovudfokus vil likevel vera born og unge 0-18 år.

Aktivitet og tilbod er orda som blir nytta om arbeidet. Det er mykje som sorterer under kyrkjeleg undervisning og læring, både kontinuerleg arbeid og tidsavgrensa arbeid. Det er det tidsavgrensa arbeidet som blir rapportert fortløpande, sjå tabellen nedafor. Det er også til dette arbeidet at dei overførte midla skal nyttast.

Det gode samarbeidet mellom sokna våre held fram, og det er fleire aktivitetar og tilbod som er felles for Bryne Time og Undheim kyrkjelydar. Kyrkjelydspedagogane samarbeider om det meste. Dette gir større fleksibilitet for familiane som nyttar seg av aktivitetane og tilboda, og det er gode tilbakemeldingar frå føresette på dette.

Mykje har vorte gjennomført som planlagt, til tross for sjukemeldingar.

Oversikt over avgrensa aktivitet og tilbod:

| Alder | Tiltak | Oppslutning 2025 (2024) i parentes) | Anna |
|--------------------|----------------------------|---|--------------------------------|
| 0 år | Dåpssamtale og dåp | Bryne: 36 (66) Time: 25 (23) Undheim: 6 (11) | 1 samtale og gudsteneste |
| 0-1 år | Babysong | Bryne: 15 av 92 = 16% (22%) Time: 23 (0%) Undheim: 14 (0%) | Samling annankvar veke |
| 1-3 år | Småbarnstrall | Bryne: 17 av 186 = 9% (10%) Time: 16 av 93 = 17% (11%) Undheim: 0 (0%) | 4 samlingar, felles for sokna |
| 2 år | Undretur | Bryne: 2 av 59 = 3% (Avlyst) Time: 9 av 29 = 31% (Avlyst) Undheim: 2 av 7 = 29% (108%) | 1 samling U: Hausttakkefest |
| 3 år | Krøllekveld | Bryne: 6 av 71 = 8% (9%) Time: 5 av 33 = 15% (16%) Undheim: 4 av 13 = 31% (44%) | 1 samling |
| 4 år | Fireårsklubb og Barnebibel | Bryne: 12 av 75 = 16% (37%) Time: 12 av 38 = 32% (30%) Undheim: 14 av 16 = 88% (110%) | 3 samlingar + gudsteneste |
| 4-8 år, tidl. 5 år | Kor-Kickoff | Bryne: 62 av 382 = 16% (12%) Time: 15 av 170 = 9% (11%) Undheim: 3 av 57 = 5% (0%) | Felles for sokna: 1 samling |
| 5 år | Adventsklubb for 5-åringar | Bryne: 10 av 77 = 13% (32%) Time: 8 av 27 = 30% (46%) | 1 samling |

| | | | |
|-------------------|--|---|---|
| | | Undheim: 8 av 11 = 73% (57%) | |
| 7 år, 1. kl | Påskemysteriet for 1. klassingar | Bryne: Avlyst (20%) Time: 4 av 32 = 13% (48%) Undheim: Avlyst (100%) | 1 samling laurdag + gudsteneste |
| 7 år, 2. kl | Plan B – Aktivitetsdag for 2. klassingar | Bryne: 5 av 76 = 7% (Avlyst) Time: 7 av 32 = 22% (Avlyst) Undheim: 8 av 13 = 62% (Avlyst) | Felles for sokna. 1 dagssamling (planleggingsdag for skulen) |
| 8 år, 2. kl | Superheltsamling | Bryne: 16 av 79 = 20% (15%) Time: 6 av 32 = 19% (35%) Undheim: 8 av 10 = 80% (33%) | 1 samling |
| 9 år, 3. kl | Tårnagenthelg for 3. klassingar | Bryne: 9 av 87 = 10% (23%) Time: 17 av 42 = 40% (37%) Undheim: 10 av 28 = 36% (Ikkje i 2024) | Fre/lør 5 timer + gudst. søndag. U: 3. og 4. trinn saman, annakvart år |
| 10 år, 5. kl | Lys vaken, planlagt å ikkje gjennomføra i 2024 | Planlagt å ikkje gjennomføra både 2024 og 2025 | Felles for sokna: Lørdag + gudsteneste |
| 10-12 år, 5-8. kl | Tweens kick-off | Bryne: 67 av 276 = 24% (17%) Time: 20 av 119 = 17% (14%) Undheim: 5 av 44 = 11% (17%) | Felles for sokna: 1 samling |
| 15 år, 9. kl | Konfirmasjon | Bryne: 101 av 117 = 86% (80%) Time: 24 av 38 = 63% (77%) Undheim: 14 av 19 = 74% (67%) | Totalt 60 timar |

Det er mykje godt arbeid som blir gjort i tillegg til dette. Her inngår blant anna: Søndagsskular, barnekor, TT-koret, anna tweensarbeid, foreiningar og speidararbeid.

Den gode utviklinga i ungdomsarbeidet held fram. Det er mange ungdommar som samlast både i Varden, på UKUF og UngFokus.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

Stillingar innan kyrkjeleg undervisning og læring:

Kyrkjeleg undervisning og læring har til saman 1,4 stillingar som er dekkja av trusopplæringsmidlar. Sokneråda har vedteke å styrka kyrkjeleg undervisning og læring med innsamla midlar, og difor er stillingane innan kyrkjeleg undervisning og læring større enn det som blir dekkja av overførte midlar.

Desse har vore tilsette i ulike stillingsstorleikar i kyrkjeleg undervisning og læring: Marit Høie Hetland, Tone Vold, Ragnhild Hanssen og Ingfrid Time Nærland.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for kyrkjeleg undervisning og læring! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra.

Guds signing over arbeidet vidare.

29.01.2025

Ingfrid Time Nærland

Tilsette i Time kyrkjelege fellesråd som leier og held stabilitet i arbeidet:

Organist Kari Kaald Reiten og vikarar ved gudstenester

Diakon Maria Praxedes Unlayao Slettebø for arbeid med ungdom, open kyrkje og eldre

Kyrkjelydspedagog Ragnhild Hanssen for KUL - kyrkjeleg undervisning og læring for born 0-18 år

Kateket Ingfrid Time Nærland for konfirmasjonsundervisning

Økonomi:

Sokerådet har eit trygt økonomisk grunnlag med oppsparte midlar frå gjevarteneste som i nokre år ikkje har blitt brukt. I 2025 kom det inn 301.000,- frå faste gjevarar. Innsamla kollekt til eiga verksemd var 52.880,-, til eksterne mottakarar 105.308,-.

Nytt av året er at Søndagsskulen sin økonomi er tatt inn i organisasjonsnummeret til Soknerådet frå august. Heller ikkje i år har lønnsutgifter vore heilt som budsjettert. Ungdomsleiar har vore i permisjon, og var i redusert stilling november og desember.

Ved utgangen av 2025 stod det 1.317.096,- på soknerådet sine kontoar.

Soknerådet er det same som i 2024, med unntak av at eit varamedlem har flytta ut av soknet og er blitt erstatta.

Håkon R. Losvik

Dagleg leiar

Årsmelding 2025 for UNDHEIM SOKNERÅD

2025 vart eit godt «arbeidsår». Soknerådet fungerer godt internt. I takknemlegheit til Gud ser me alt det fine som skjer på Undheim, for alle små, mellomstore, ungdomar og vaksne. Undheimkyrkja betyr mykje for mange. Me går 2026 i møte med god forventning.

Soknerådet hadde 6 møter og ei strategisamling i 2025. Saker som har vore handsama er:

- Fordele ofringane på gudstenestene
- Fylgje opp rekneskap og økonomi
- Misjonsprosjektet: Kyrkjelyden held fram å støtta lokale ungdomar som er i teneste for Ungdom i Oppdrag. Helge Gullestad i Usbekistan og Per Undheim på Grimerud
- Få støtte til nye scenelys i kyrkjerommet på kr 50.000, -. Prosjektet vert ferdigstilt nå i 2026.
- Knytt søndagsskulen og gudstenestene nærare saman, med registrering av borna oppe til kl. 10:30, og tau som borna tek tak i og går ned til søndagsskulesongen kl. 11:00.
- Starta opp «Undheim bønhus» i kyrkjerommet. Annakvar måndag, kl. 10:00 og kl. 19:00
- Svare på høyring om endring i prostigrensene i bispedømmet.
- Planla kyrkjelydsfest i november, som vart flytta til januar -26
- Starta arbeidet med Naturleg Menighetsutvikling. Det vart gjennomført ein test for å kartlegge våre sterke og svake sider. Ut frå resultatet får ein gode verktøy for å kunne arbeid meir konkret og målretta ved å bruke dei sterkaste kvalitetane til å styrke dei svakaste. NaMu-arbeidet vil halde fram i minst 3 år. Truleg er det eit så godt verktøy at det vil fortsetja ennå lenger. Ingen kvikk fiks, men god bevisstgjerung til å gjere strategiske val.
- Flytta gudstenesta 2. juledag til ein søndag tidlegare i desember.
- Starta tankar om markering av 25-års jubileet for kyrkja i 2026 i lag med kyrkjestyret.
- Saman med gudstenesteutvalet gått inn for temagudstenester våren -26. Tema «Følg meg»

Det er fint å kjenna på optimisme og stigande forventning for kyrkjelyden og Guds rike på Undheim. Ein stor takk til alle frivillige som på så mange og ulike måtar bidreg til flotte arbeidet som er her. Takk for samhaldet og respekten for kvarandre, som vert sterkare for kvart år.

Lat oss halda fram med å be, bruke dei ulike nådegåvene våre og arbeide for at stadig fleire skal
«Søkja Gud, Møta nye venner og Få del i oppdraget.»

Gud har eit løfte til oss alle i salme 32:8

«Eg vil gjera deg vis og læra deg den vegen du skal gå,

eg vil la mitt auge kvila på deg og gje deg råd.»

Be og opne opp for Han - kvil i Hans nåde

Undheim sokneråd:

Hanne Brit Sandsmark (leiar), Oddvar Undheim (nestleiar), Ivar Risa

Tordis Sandvik, Per Arne Undheim, Arnfrid Bjelland

Varamedlemmer: Synnøve C. M. Gauksås, Nina Fosse

Sokneprest: Nadine Vaagen

Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik

Tilsette i Time kyrkjelege fellesråd som leier og held stabilitet i arbeidet:

Organist Kari Kaald Reiten og vikarar ved gudstenester

Diakon Maria Praxedes Unlayao Slettebø for arbeid med ungdom, open kyrkje og eldre

Kyrkjelydspedagog Ragnhild Hanssen for KUL - kyrkjeleg undervisning og læring for born 0-18 år

Kateket Ingfrid Time Nærland for konfirmasjonsundervisning

For Undheim Sokneråd

Hanne Brit Sandsmark

Økonomi:

Sokerådet har eit trygt økonomisk grunnlag med oppsparte midlar frå gjevarteneste som i nokre år ikkje har blitt brukt. I 2025 kom det inn 301.000,- frå faste gjevarar. Innsamla kollekt til eiga verksemd var 52.880,-, til eksterne mottakarar 105.308,-.

Nytt av året er at Søndagsskulen sin økonomi er tatt inn i organisasjonsnummeret til Soknerådet frå august. Heller ikkje i år har lønnsutgifter vore heilt som budsjettert. Ungdomsleiar har vore i permisjon, og var i redusert stilling november og desember.

Ved utgangen av 2025 stod det 1.317.096,- på soknerådet sine kontoar.

Soknerådet er det same som i 2024, med unntak av at eit varamedlem har flytta ut av soknet og er blitt erstatta.



Håkon R. Losvik

Dagleg leiar

